

Eksamensoppgåver og eksamenssvar frå NOR1268

Sidemål hausten 2023

Eksempel 1: Kortsvar og retorisk analyse

Kortsvarsoppgåve

Vedlegg:

- «Resteplassen», utdrag frå episode 2, sesong 1 av tv-serien «VGS»
- «15 dagar igjen», utdrag frå episode 1, sesong 3 av tv-serien «19»

Dialogane er skriftleg tilrettelagt for eksamen av Udir.

Dei vedlagde tekstane er utdrag frå to tv-seriar for ungdom og har døme på talemålsvariasjon hos unge menneske i Noreg i dag.

Gjer greie for nokre særtrekk ved språket i dei vedlagde tekstane. Bruk relevant fagspråk og døme frå vedlegga.

Skriv 200–250 ord.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - har eksempel og relevant fagspråk
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til kortsvaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.
2. Sjå på vurderingsskjemaet for «kortsvaret».

3. Les elevsvaret.

- Strek under delar av kortsvaret som viser bruk av fagspråk.
- Strek under delar av kortsvaret som viser bruk av døme frå vedlegga.
- Kommenter strukturen i kortsvaret.

Oppgåve 1

Norsk er ikkje berre norsk

I utdraget «Resteplassen» frå NRK-serien *VGS* møter ein veninnene Amalie og Cassy. Ein anna tv-serie frå NRK er *19*. Her får ein eit innblikk i korleis ein gutegjeng frå Stovner snakkar saman.

Begge utdraga er om unge menneske frå ulike miljø, kor temaet er det å ikkje passe inn.

Tittelen på serien *VGS* seier noko om kva for ei målgruppe serien er ment for. Det er med unge menneske, og ment for unge menneske. Dette kan ein og tolke ut i frå språket. Engelsk har ein unik posisjon som globalt språk, både i popkulturen men også på universitet. Cassy i utdraget tek i bruk ikkje berre ord, men heile setningar på engelsk, til dømes; «*For real, I'm not a scammer*». Adjektivet «babe» har også blitt normalisert i norsk, i staden for å seie ei pen jente.

Ordet «walla» har blitt eit kjent ord for dei fleste nordmenn. Ordet kjem frå multietnolekt og språkstilen kalle «kebabnorsk». Utdraget frå serien *19* startar med dette ordet. Igjennom heile utdraget ser ein eksempel på kebabnorsk, til dømes: «dritlø», «gora» og «hoya». Brot på V2-regelen er også ein typisk feil for folk med norsk som andrespråk: «Snart vi ser deg med midtskille (...)», er eit eksempel på dette.

Norsk som språk er prega av mangfald med urfolksspråk, nasjonale minoritetsspråk, nye innvandrarspråk og engelsk. Norsk er altså ikkje berre norsk. Utdraga er to eksempel på ulike variantar av norsk som blir bruka blant ungdommen i dag.

Kjelder:

- Brunstad, E., Bueie, A.A, Claudi, M.B., Holm, E.S., Hove, J.O. (2022). «Grip teksten vg3»,
Aschehoug
- NRK: 19, sesong 3, episode 1: "15 dager igjen"
- NRK: VGS, sesong 1, episode 2 «Resteplassen»



Langsvarsoppgåve

Vedlegg:

- Peter Øygaard Oma: «Naturen forsvinner»

Tolk den vedlagde teksten. Bruk omgrep frå retorikken.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - viser forståing av den vedlagde teksten
 - gjer greie for den retoriske situasjonen
 - gjer greie for bruken av appellformene
 - har døme og bruker relevant fagspråk
 - gjer greie for verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til langsaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2. Sjå på vurderingsskjemaet for «Tolking og analyse».

3. Les elevsaret.

a. Strek under delar av langsaret som gjer greie for den retoriske situasjonen.

b. Strek under delar av langsaret som gjer greie for bruken av appellformene.

c. Strek under delar av langsaret som viser bruk av døme frå vedlegget.

d. Strek under delar av langsaret som gjer greie for verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten.

e. Korleis er langsaret strukturert? Prøv å formulere kva dei ulike avsnitta handlar om.

Avsnitt 1	
Avsnitt 2	
Avsnitt 3	
Avsnitt 4	
Avsnitt 5	
Avsnitt 6	
Avsnitt 7	
Avsnitt 8	

Oppgave 4 Langsvar

Går naturen vår tapt føre auga vårast?

Kronikken «Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss» vart publisert på NRK ytring i januar 2023. Hovudformålet med kronikken er å overtale mottakaren om å verne om naturen og ikkje bli endringsblind. Peter Ø. Oma er friluftsfagleg rådgivar i norsk friluftsliv, og kronikken vart publisert i januar 2023.

I retorikken er alt avhengig av situasjonen, altså korleis ein tilpassar teksten til den situasjonen ein er i. Det påtrengande problemet Oma skriv om er færre snø dagar, mindre laks i elvene og øydelagde klima og økosystem. Publikum for den retoriske ytringa er alle som les NRK.no, og dette kan vere ei stor gruppe menneske, typisk folk som ønsker å halde seg oppdatert på situasjonen i samfunnet. Oma ønsker å setje lys på klimakrisa, og at ho også finst i Norge.

Oma har nytta fleire språklege verkemiddel, blant anna kontrast. «*Villmarka som for rundt hundre år siden utgjorde omkring halvparten av landet vårt, utgjør i dag bare 11,5 prosent*». Kontrasten mellom klima i dag og klima før i tida styrkar budskapet; me må få auga opp og gjere noko for miljøet. Personifikasjon er bruka «*Endringsblindheten er en usynlig kraft som lusker, ler og godter seg i skyggene*». Oma stiller retoriske spørsmål til dømes; «*Hvordan kan vi motvirke at dette kollektive hukommelsestapet lar naturen, selve nasjonalskatten vår, forsvinne mellom fingrene våre?*». Dette er med på å vekke lesaren sin refleksjon. Det er bruka fagomgrep som «*karbonrike myrer*», «*villsnø*» og «*oppdrettslaks*», og slik fagleg terminologi gir teksten ei viss tyngd og ein viss autoritet. Oma har bruka ei forteljande tilnærming for å skildre utvikling av naturen. Dette er med på å engasjere lesaren og gjere budskapet meir tydeleg. Alle desse verkemidla bidreg til å kommunisere teksten sin budskap og at Oma ønsker at folk skal få auga opp for klimakrisa.



Kronikken nyttar retoriske verkemiddel for å formidle budskapet sin. Retorikk er tradisjonelt definert som kunsten å tale for å overtyde. Oma brukar difor tre ulike «appellformer» for å formidle si meining eller sitt synspunkt: han appellerer truverd (etos), korleis teksten vekker kjensler hos mottakaren (patos) og nyttar fornufta (logos).

Appellforma etos handlar om truverdet til avsendaren av ein tekst. Oma sin innleiande etos vil variere ut i frå kven som er publikum. Er ein klimabevisst eller interessert i natur- og friluftsliv, veit ein nok kva «Norsk friluftsliv» er. Dette vil vere med på å skape ein sterk innleidd etosappell. Bildet i kronikken viser Oma i naturen som kan gi inntrykk av at han er eit friluftsmenneske. Dette kan styrke etosappellen hans. Språket i kronikken er presist og formelt, men likevel uhøgtideleg. Oma sin endelege etos er sterk. Bildet og kronikken styrkar kvarandre. Ein får inntrykk av at Oma er ein fagperson, og det står i verbalteksten under bildet at han er rådgivar for «Norsk friluftsliv». Han skriv ikkje teksten for å tene pengar, men for formidle eit budskap.

Oma innleier kronikken med eksempelhistorier frå barndommen sin, og trekkjer dei inn i korleis klima har forandra seg over tid. Argumenta i teksten er presentert i ein klar og logisk rekkjefølge. Han startar med korleis klima var før og avsluttar med kva me kan gjere for å bevare naturen slik som han er i dag, eller enda betre, slik han var før. Konklusjonane er dermed fornuftige og logiske i lys av fortida. Kronikken informerer om tema som natur, klima og berekraft, og brukar logiske argument for å overtyde mottakarane om budskapet til kronikken. Me ser altså at logosappell er viktig i kronikken til Oma.

Patos blir nytta i teksten for å vekke kjensler og engasjement hjå mottakaren. Oma fortel at klima og miljøproblematikk går utover den mest sårbare og uskyldige gruppa menneske, nemleg barn. «Noen steder vokser barn opp med kunstsne som en erstatning for originalen», da du var liten aka du med vennane dine etter skulen? eller gjekk på skitur på søndagane med foreldra dine? Dette er kanskje noko av det barna dine ikkje får oppleve grunna klimaendringane. Oma ønsker å skape ein følelse av redsel eller ei bekymring, for at budskapet hans skal komme fram.

Skremmande fakta som: «*Flere arter står i fare for å bli utryddet nå enn på noe annet tidspunkt i menneskets historie*», styrke følelsen av bekymring ytterlegare. Avslutninga er med på å skape nytt håp og tro på framtida; «*Ved å bli klar over feilene som allerede er begått kan vi lære av dem*» og «*En intakt natur vi kan gjenoppleve sammen, når de er voksne og jeg er gammel*». Alt dette bidreg til å skape eit kjenslemessig samband mellom mottakar og avsender.

Kronikken «*Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss*» har som mål å overtyde lesaren om at klimakrisa er eit ekte problem. Teksten tydeleggjer kva for problem me står ovanfor i dag, og at me må prøve å finne ein løysning på han. Oma nyttar retorikk, særleg logosappell og patosappell, for å overtyde mottakarane om budskapen sin. Eg meiner kronikken er både god og informativ. Han tydeleggjer budskapen om at me må få auga opp, og avsluttar med eit positivt syn på framtida. Håpet er at me kan oppleve og bruke naturen både i dag, og i alle framtidige generasjonar.

Kjelder:

- Brunstad, E., Bueie, A.A, Claudi, M.B, Holm, E. S., Hove, J. O. (2022). «Grip teksten VG3», Aschehoug
- Oma, Peter Øygard (22. januar 2023). "Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss" publisert på *NRK ytring*

Kommentarer frå sensor:

Svar på kortsvarsoppgåva:

Kortsvaret er eit delvis relevant svar på oppgåva. Eksamenssvaret viser at eleven forstår og bruker dei vedlagte tekstene.

I kortsvaret gjer eleven greie for nokre særtrekk ved talemålsvariantane i vedlegga, bruker eit formålstenleg fagspråk og viser til eksempel frå begge tekstvedlegga. Oppgåva spør ikkje om tema i tekstene, noko eleven skriv om på ein litt upresis måte; «å ikkje passe inn», men resten av svaret presist og relevant.

Svar på langsvarsoppgåva:

Langsvaret er eit relevant svar på oppgåva.

Elevsvaret gjer greie for den retoriske situasjonen og reflekterer over teksten på en fagleg relevant måte. Svaret gjer greie for nokre verkemiddel og viser i nokon grad korleis dei fungerer i teksten. Eleven gjer greie for bruken av appellformer, og har med fleire sitat frå vedlegget.

Struktur og samanheng:

Både kortsvaret og langsvaret har god tematisk samanheng og hensiktsmessig struktur.

Språkføring og formelle ferdigheiter:

Eksamenssvaret er klart formulert, med hensiktsmessig og variert ordforråd. Svaret viser at eleven meistrar stort sett formverket og har stort sett korrekt ortografi og teiknsetting, men er noko svakare på tekstbinding.

Eleven markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte.

Kandidaten har samla sett vist meget god kompetanse til skriftleg eksamen i norsk sidemål og svaret er vurdert til karakteren 5.